

KYRKJEBLAD

54. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3/2000

Les i kyrkjebladet

Dei ledige lokala etter Kari Hegge i Messa på Dale skal verta nytt kyrkjekontor.

Side 2.

"Når det splitta vert sameina" er tittelen på ein pinseandakt skriven av pastor Jan Petter Walaas.

Side 3.

Glimt frå Farne Tider er denne gongen frå ein tur til Kvamsseter leirplass.

Side 4.

Søndag 19. mars var det søndagskule- og ski/aketur til Bergsdalen.

Side 6.

Dersom de lurar på kva de skal gjera i pinsehelga kan de finna nokre tips ved å lesa på sidene 8 og 9.

Pinsedag skal det vera felles gudsteneste i Dale kyrkje. I det høvet skal det vera forsangarkor, les om det side 12.

PÅSKE PÅ FAGERTUN



Ragnhild, Fred og Helen set tydeleg stor pris på årets vinnar av "Vandre T-skjorta" for Fagertun Snjofestival, Øyvind Mjelde.

Foto: Ann Elin Mjelde Gullbrå

Tradisjonen tru var det også i år to påskeleirar på Fagertun. Den første leiren var i palmehelga, og den andre for dei frå 8. klasse og oppover var frå 19. – 24. april.

Været var nok både og, men både born og unge kosa seg likevel.

Fleire glimt frå leirane kan de sjå side 6 og 7

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 1. juni 2000. Bladet kjem ut i veke 26 som byrjar med 26. juni.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand. Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 20
Fax 56 59 89 46

Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20
Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88
Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjevevje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje
Tlf. kontor 56 59 44 54
Mobiltlf. 94 55 12 86

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:

Ragnvald Kringlebotten,
5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
E-post: ragnvald_02@yahoo.no

Kasserar:

Elisabeth Dyrhol,
Vaksdalgarden 10, 5725 Vaksdal.
Tlf. 56 59 70 88

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.
Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.


KYRKJESTADEN**DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 100,-

**hjá Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.**

**Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5721 Dalekvam .
Tlf. 56 59 61 20**



Nytt kyrkjekontor

I formannskapsmøte i Vaksdal vart det måndag 8. mai gjeve klar-signal for at kyrkjekontoret for Vaksdal prestegjeld skal få overta dei ledige lokala etter Kari Hegge i Messa på Dale (biletet).

Kyrkeverja sitt kontor vert då flytta frå Heradshuset til Messa, slik at han får kontor saman med resten av staben.

I den delen som vert nytta som kyrkjekontor i dag skal Musikk-skulen (Vaksdal kulturskule frå 01.08.2000) ha kontor.

Framover vil det nå verta ein del oppussing før det heile kan ta-kast i bruk.

Foto: Vaksdal Posten



Godkjende leverandørar av gravminner

Desse leverandørane er godkjen-de for levering av gravminner. Alle gravminner må vere innan-for forskriftene i gravferdsloven. Dei fleste leverandørane har loka-le kontaktpersonar.

Åsane stein AS
Sæthre steinindustri AS
Kjøll Steinindustri
Øien steinhuggeri
Brødrene Strand Steinhuggeri AS
Decoform Gravmonumenter AS
Eikner Naturstein AS

Alle andre leverandørar plik-tar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent.

Godkjenningar i andre kom-munar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.

Når det splitta vert sameina

Av pastor Jan Petter Walaas

Ap.gj. 2, 1-11. "Då pinsedagen kom, var dei all samla. Brått kom det eit brus frå himmelen, som når ein sterk vind fer fram, og det fylte heile huset dei sat i. Dei fekk sjå tunger liksom av eld, som skilde seg og sette seg på kvar ein av dei. Då vart dei alle fylte av Den Heilage Ande og dei tok til å tala på andre tungemål etter som Anden gav dei å forkynna.

I Jerusalem budde det mange jødar, fromme menn som var komne frå alle land på jorda. Då dei høyrde denne lyden, samla det seg ei stor mengd, og dei var heilt rådvile; for kvar høyrde at dei tala på hans eige mål. Reint frå seg av undring spurde dei: "Men er dei ikkje gali-learar, alle desse som talar? Korleis går det så til at vi alle høyrer dei tala på vårt eige morsmål – partarar og medarar og elamittar, folk frå Mesopotamia, Judea og Kappadokia, frå Pontos og Asia, Frygia og Pamfylia, frå Egypt og Libya-landet bort imot Kyréne, jødar og slike som har gått over til jødedommen og har flytt hit frå Roma, kretarar og arabarar – og vi høyrer dei tala om Guds storverk på vårt eige tunge-mål!"


Det er pinsetid. Med sommarvarme og optimisme i Noreg. Og med krig og konflikter i mange land verda over. Også ved byrjinga av dette årtusenet slåst og trettar folk på grunn av etniske skildnader, språkbarrierar og retten til landområde. Etter den andre verdskrigen vart det sagt: "Aldri meir krig". Men sidan mai 1945 har det ein eller annan stad på kloden vore krigshandlingar eller konflikter heile tida, utan stans. Ja, kanskje skal menneske oppleve like mykje krig og splitting i dette århundre som i det som har gått. Slik er og forblir det, så lenge vi menneske vil styra tinga på eiga hand, vi har detronisert Gud og plas-sert oss sjølve i hans stad.

Også for fleire tusen år sidan var det ei menneskegruppe som ville setja seg i Guds stad. Skildnaden var berre at den gongen hadde heile verda eitt språk og tungemål. Pinsedagens tekst frå Det gamle testa-mentet i Bibelen minner oss om desse menneske i byen Babel. Dei vil-le byggja seg eit tårn som nådde heilt opp til Gud i himmelen. Då vart Gud harm, og han forvirra dei slik at dei byrja å tala ulike tungemål og spreidde dei utover heile jorda. Framhaldet nær 5000 år seinare kjen-ner vi berre så altfor godt. Menneske er i dag minst like spreidde og forvirra som den gongen.

Men bibeltekstane på pinsedagen fortel også noko meir. Guds hel-sing til oss gjennom Det nye testamentet minner oss om at Gud gjer noko med den babelske forvirringa: Gud gjer eit nytt under. Denne gongen i Jerusalem, byen som tre verdsreligionar i vår tid reknar som sitt sentrum, og som splittar jødar, kristne og muslimar som aldri før. Like fullt er det i denne verdsbyen at Gud ved sin Heilage Ande gjer eit under midt i ei splitta verd: Han samlar folkeslag og tungemål til eitt i Jesus Kristus. – Vi er "jødar og slike som har gått over til jødedommen og har flytt hit frå Roma, kretarar og arabarar – og vi høyrer dei tala om Guds storverk på våre eigne tungemål!", sa dei til kvarandre.



Pinsedag handlar om Anden som sameinar. Alle menneske og folkeslag og tungemål. I han som er verdas einaste frelsar og vil vera Herre for alle menneske: Jesus Kristus. For når han, som også vert kalla Fredsfyrsten, får sameina Gud og menneske og menneske med kvarandre, blir det sol og varme over heile vår jord. For berre Pinseanden, som er den allmek-tige Guds Ande, kan føra folke-slag frå splitting til sameining.



Frå Farne Tider



På biletet ovanfor ser me ein gjeng frå Vaksdal kommune som var på familie-weekend til Kvamssæter leirplass 21. – 23. mars 1980.

Skapte er vi te bera, og lette børene for kvarandre....

Jan-Magnus Bruheim

KIRKENS BYMISJON INVITERER TIL SELVHJELPSGRUPPER FOR ETTERLATTE ETTER SELVMORD.

Har du opplevd selvmord i nær familie eller omgangskrets og føler behov for noen å prate med - noen som har opplevd det samme ?

Gruppene gjennomføres under faglig ledelse og rammen er ca 10 samlinger i perioden august-februar. Vi har egne grupper for ungdom mellom 15 og 19 år.

ÅPENT INFORMASJONSMØTE
på Haraldsplass Sykepleiehøgskole, "Stuene"
29.august kl.19:00

For mer informasjon:

Ta kontakt med Kirkens Bymisjon i Bergen

- Liv Serina Dale 55 31 71 68 (kl 10 - 15)
- Bymisjonskontoret 55 21 50 80



Dåpsklubben TRIPP TRAPP:

Bøker og musikk for dåpsborna



Leitar du etter gode bøker til borna? Då bør du ta ein kikk på Dåpsklubben TRIPP TRAPP, som er ein del av dåpsopplærings-tilbodet frå Den norske kyrkja. Her får foreldre eller fadrar hjelp til å følgje opp den gode intensjonen frå dåpen. Gjennom bøker, hefter og musikk ønskjer klubben å gi vidare bibelforteljingar og songskattar, og målet er å ta vare på gode tradisjonar knytta til kveldsbøn, helg og høgtid.

For born mellom 0 og 6 år

Dåpsklubben er for alle born mellom 0 og 6 år, og materiellet er tilpassa alderen. Her vil du først og fremst finne materiell frå IKO-Forlaget og det som tidlegare var Hjemmenes Dåpsring, men du får også tilbod om kvalitetsbøker og musikk frå andre forlag.

Dåpsklubben blei starta i 1999, og er i rask vekst. Mange foreldre har gitt positive tilbakemeldingar, og dei legg vekt på at dette er ei god motvekt til mykje av det barnet elles møter i ulike medium.

Det er no to ordinære medlemspakkar i året, i tillegg til spesielle tilbod i samband med høgtidene. Du får sjølvstilt klubbbratt som i andre bok- og musikklubbar, og det er ikkje noko krav til minstekjøp eller lengde på medlemskapen.

Ei ypperleg gåve

Medlemskap i Dåpsklubben TRIPP TRAPP er eit ypperleg gåvetips for besteforeldre, fadrar og andre som ønskjer at dei kristne verdiane skal bli gitt vidare til borna. Om du melder inn eit barn som bor ein annan stad, vil du som er givar få tilsendt tilboda om materiell, medan pakkane blir sende direkte til barnet.



Ønskjer du meir informasjon, kan du ta kontakt med Dåpsklubben TRIPP TRAPP på telefon 22 59 53 00. Du kan også lese meir om Dåpsklubben på www.iko.no.

Ill: Inger Lise Belsvik

– Bøkene frå dåpsklubben er ei fin hjelp til å snakke med barnet om Gud.
Mor til gut på 4 år.

Søndagsskuletur i det fri



Søndag 19. mars vart det skipa til søndagsskuletur til Bergsdalen. Det heile starta med ein søndagsskuletime i kyrkjekjellaren på Lid. Etter timen var det tid for å nytta medbrakt niste, drikke fekk ein. Dagen vart så avslutta med aking i det fri. Både små og store kosa seg i det fine veret (bileta ovanfor).

Foto: Ragnvald Kringlebotten

PÅSKE PÅ FAGERTUN



På biletet ser me deltakarar og leiarar på leiren i palmehelga som er ute og leikar leiken "Kongens nøkler".

Foto: Lena Hesjedal

På biletet til høgre ser me Alina Pitai og Åsmund Lavik som konkurrerer i kappeting under leiren på Fagertun i palmehelga. Og det er ikkje enkelt når ein ikkje har noko reiskap til hjelp.

Foto: Lena Hesjedal



Her er ein del av deltakarane samla til bibeltime under den siste påskeleiren i år. Talaren på leiren Ingvard Skeie ser me i midten med rutet skjorte.

Etter bibeltimane var det ymse aktivitetar ute i det fri, med mellom anna Fagertun Snjofestival på påskeafta.

Foto: Ann Elin Mjelde Gullbrå

"Uten mat og drikke duger leirdeltakeren ikke". Matlysta er på topp på leir.

Foto: Ann Elin Mjelde Gullbrå



Bergen 10. - 11. juni 2000

Pinsefest i by'n

I år skal det virkelig merkes i Bergen at kirken feirer pinse. Fra "hele by'n og halve Sandviken," Hordaland, Sogn og Fjordane vil mennesker fra alle kirkesamfunn innta kulturbyen Bergen. Lørdagen - pinseaften - vil det om formiddagen myldre av aktiviteter i Bergen sentrum. Tusenvis vil være med i Jesus-mars, kakefest, musikal, leker... Pinseaften om kvelden er det stor ungdomskonsert i Bergenshallen med fotballcup og mange aktiviteter. På 1. Pinedag blir Bergenshallen arena for en stor lovsangsfest på tvers av alle menighetsgrenser. Dette er noe alle kirkesamfunn står sammen om.

PINSEAFTEN FORMIDDAG

Jesusmarsj - start fra Torvalmenningen kl. 11.45

Gategudstjenester - på Torvalmenningen hver time fra kl.13.00 i 24 timer.

Kirkens fødselsdag - Kakefest på Torgalmenningen fra kl. 14.00 og så lenge der er kaker.

Barnemusikal - "Historien om Jesus" vises i "Betlehem" på Vestre Muralmenning kl. 16.00 og kl.18.00.

Småscener - Ta med koret, dramagruppen, soliststemmen, formingsgruppen til en av de små scener Torgallmenningen, Vågsalmenningen og Tinghus-plassen, fra kl. 14.00 til 16.00.

Åpne kirker - Flere av kirkene i bykjernen holder åpent fra kl.14.00 og utover kvelden.

PINSEAFTEN KVELD

Ungdomskonsert - kl. 21.00 til over midnatt i Bergenshallen. Her kan du høre StereoFish, Shine og Umbrella, Trond Olsen med band, Melding hjem og flere.

Millenniumscup i fotball - cup og mange aktiviteter på området utenfor Bergenshallen. Sør for at du melder på lag til fotballcup"en. Her er mulighet for veggklatring, sandvolleyball og mye mer. Salg av mat og forfriskninger. Cup"en starter kl. 17.00.

PINSEDAG

Lovsangsfest - kl. 18.00 i Bergenshallen.

Det er mange medvirkende: Sigvart Dagsland med egen symfonigruppe, Rhoda Gravem, Kirkesangforbundet, Messingblåsere fra Frelsesarmeen, Kings Kids og Christ Kids, lovsangskor, husband og barne-gospelkor. Biletter: kr. 50. Familier betaler kr. 150. Biletter kjøpes ved inngangen. Forhåndskjøp er mulig gjennom menighetene.

To timer før lovsangsfesten blir det utenfor hallen leker, aktiviteter og salg av mat og forfriskninger. Og masse av bergelsk sol. Så ta paraplyen med. Du kan trenge litt beskyttelse mot solen!

Inviter andre med deg og kom!




Har du spørsmål, idéer eller trenger informasjon? Ta kontakt:

Jubileum 2000, REGIONALKOMITEEN for Hordaland, Sogn og Fjordane, Kalvedalsveien 45a, 51018 Bergen
Tlf.: 55 30 64 70 Fax: 55 30 64 80
Epost: bjøergvin.bdr@kirkje.no

VESTLANDSKES BOKHANDEL
V. FREDSSALMENNINGEN 1 - 5014 BERGEN
TEL: 55 31 9 65 FAX 55 31 09 44

MELLOMÅLDERDAG PÅ HAMRE DER FJORDANE MØTEST....



2. PINSEDAG ÅR 2000 SKRUR VI TIDA ATTENDE
TIL DET HERRENS ÅR 1327 OG OPPLEVER
DEN GAMLE KYRKJESTADEN PÅ HAMRE SLIK
DET KANSKJE VAR DEN DAGEN
BERNARDUS DE ORTOLIS,
PAVELEG UTSENDING OG PENGEINNKREVAR,
KOM PÅ VITJING TIL SIRÅ PETER,
PREST PÅ HAMRE
OG HOVUDPREST I NORDHORDLAND,
FOR Å KREVA INN SEKSÅRSTIENDEN
PASSAGIUM TERRÆ SANCTÆ.

Hamre kyrkje vart i 1024 hovudkyrkje for Nordhordland, og var det gjennom heile mellomalderen.

Under arrangementet 2. pinedag vert det høgmesse og tidebøner i kyrkja.

Opplysning om arrangementet kan ein få ved å ta kontakt med dagleg leiar i Osterøy kyrkjelege fellesråd, Kristen Stang på telefon: 56 19 22 71.

Prisen vert kr. 25,- for vaksne. Born og ungdom under 15 år går gratis.

ALT I KJØKKENINREDNING
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE
SNEKKERVERKSTED

SNEKKER
KJELL NYSTED

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

Snittar * Koldtbord * Begravelses-sammenkomster
* Overtidsmat * Møtelokale * Video * Stor-kiosk
Fast-food * Pizza * Musikk * Verksted * Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.

Tlf. 56 59 67 36 - Fax: 56 59 67 75 - E-mail kaajo@online.no

PETERSEN & YPSØY AS
Bokhandel - Gåver - Foto
Kiosk - Tipping - Rikstoto.
Tlf. 56 59 61 58.

Kontormateriell - Data
Leiker - Hobby - Fotorammer,
i andre høgda på Dale Handelsforening.
Tlf. 56 59 79 80.



Boks 12, 5721 DALEKHAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.
Husk å bestille koldtbord til konfirmasjonen.



Tlf. 56 59 64 44

Opningstider:

Onsdag og torsdag: 09.00 - 18.00

Mandag, tirsdag og fredag: 09.00 - 16.30

Lørdag: 09.00 - 14.00

Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
Dalegarden, 5722 Dalekvam



DALE HANDELSFORENING

avd. Dale 56 59 61 01

Avd. Stamnes 56 59 82 03

Avd. Stanghelle 56 59 50 35

**K. Seim A/S,**

Boks 114,
5721 Dalekvam
tlf. 56 59 62 23
Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.
Her kan du handle det du treng.



SAMVIRKELAGET
INDRE VESTLAND

Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 46 61

VI HAR GODE
SOMMARPRODUKTER.

Vi har propanutsal og tilhengarutleige.
Hugs forbrukarsamvirke sitt rabattkort når
du kjøper drivstoff eller andre varer.



Postboks A, 5280 Dalekvam
Tlf. 56 59 66 35

SLEKTERS GANG

DØYPTE



DALE

19.03 Severin Tollefsen Kolve

19.03 Emilie Sørensen Fotland

VAKSDAL

26.03 Erling Flåm Krogsrud

26.03 Silje Linnea Folgerø


09.04 Trygve Alvheim

05.03 Catarina Bønnes Olsen,

døypet i Arna kyrkje

EIDSLAND

30.04 Regine Matre Nordheim



VIGDE



DALE

08.04 Frode Eide Hesjedal
og Mona Låstad

VAKSDAL

29.04 Tone Merete Nordby
Brekke og Kristian Karlsen



AVLIDNE



DALE

27.03 Jan Edvard Kristiansen, f.1929

06.04 Klara Fenne, f.1911

27.04 Helga Olsnes, f. 1914

30.04 Anna H. Stanghelle, f. 1904

VAKSDAL

18.03 Egil Langhelle, f.1938

04.04 Jenny Øyjordsbakken Thunes,
f.1932

STAMNES

27.04 Kåre Grøsvik, f. 1917



Muslim vart
Kristen, 20.000
kom for å
protestera.



Den norske
Santalmisjon

Motto: Frykt ikke, bare tro!

Sol og sommar -leir??

DNS arrangerar leir for deg
mellom 9-12 år, på Skjørstrand
leirstad i Fusa den 23.-26. juni.
Fristar dette så meld deg på til:

Den Norske Santalmisjon

Region Bjørgvin

ØK 5, 5017 Bergen.

Tlf. 55 21 40 90

Frist 16.06.00.

LEIR

Pinseleir
på Fagertun

9. - 12. juni

Aldersgrense:

Dei som fyller 18 år i år
og oppover.

For informasjon og påmelding:

Norges Samemisjon

Sparebankgt. 4 A,

5017 Bergen.

Tlf. 55 31 65 06



I Bangladesh vart ein muslimsk
leiar, ein imam, kristen. Det leia
til at møtte kraftig motstand. I
bladet Santalen står han fram og
fortel om sine opplevingar, men
utan namn av omsyn til konse-
kvensane. Då han om heim etter å
ha vorte døypet, vart mange provo-
serte. Til slutt var om lag 20.000
kome for å protestera.

-Det var ei underleg oppleving.
Me frykta lenge for liva våre, og
alt dette berre fordi at eg hadde
fått sjå Jesus. Eg møtte demon-
strantane, og framfor dei fortalde
eg om trua mi, og at det var
umogleg å forlata den. Etter kvart
trekte dei seg tilbake, fortel den
tidlegare imamen.

Han vart meld for å tala stygt
om Muhammed, noko han nekta
for. Den lokale dommaren frifann
han, og uttala til dei som anklaga
den tidlegare imamen -De har
dykkar tru, han har si. Rører det
han, kastar eg dykk i fengsel.

(KPK)

VELKOMEN TIL KYRKJE



28.mai – 5.søndag etter påske

BERGSDALEN kl.11.

Konfirmasjonsgudsteneste.

Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.

EKSINGEDALEN kl.11.

Konfirmasjonsgudsteneste. Dyrhol.

Offer til Redd Barna.

DALE kl.19. Kvamsøe. Offer til

Sjelesorgsenteret Bergen

Diakonissehjem.

1.juni – Kristi Himmelfartsdag

STAMNES kl.11. Vassbakken-

stemna. Dyrhol. Offer til Fagertun

leirstad.

4.juni- 6.søndag etter påske

FITJAVASS-STEMNA kl.12.

Dyrhol. Start ved Langhelle.

11.juni – 1.pinsedag

DALE kl.11. Høgtidsguds-

teneste. Dyrhol og Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Den Norske Santalmisjon.

12.juni – 2.pinsedag

STAMNES kl.11. Høgtidsguds-

teneste. Dyrhol. Nattverd. Offer til

Den Norske Santalmisjon

BERGSDALEN kl.16. Høgtids-

gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Kirkens SOS,Bjørgvin.

18.juni – Treeiningssøndag

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe.

Nattverd.

EIDSLAND kl.18. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Det Norske

Misjonsselskap.

25.juni – 2.søndag etter pinse

EKSINGEDALEN kl.11. Dyrhol.

Offer til Kirkens Fengselsarbeid.

Det viktigaste

-Søndagsskulen er noko av det viktigaste me har her i landet. Eg bundrar det arbeidet søndagsskulelærer gjer. De investerer i barna og framtida. Det viktigaste er at barna får høyra om Jesus, sa Kjell Magne Bondevik på 100-årsfesten for Oslo/Akershus søndagsskulerets.

(KPK)



Ny bibel til 160.000 nordmenn

Nok eit år toppar salet av biblar og nytestamente den norske bokstatistikken.

160.300 menneske fekk eller kjøpte sjølv ein bibel eller nytestamente i 1999. Det er praktisk tala det same som året før når det gjeld biblar, 74.500 mot 74.400, men ein nedgang på 13.800 når det gjeld nytestamente, frå 99.600 til 85.500. Det inneber at omtrent kvar 30. nordmann fekk seg ny bibel eller nytestamente i fjor. Det syner tal som Kristeleg Pressekontor har innhenta frå Det Norske Bibelselskap, Norsk Bibel A/S, Bibelforlaget A/S og Norsk Gideon Bibelmisjon.

(KPK)

SONGARAR

1. Påskedag er det duka for ei fin gudstenesteoppleving med mykje song og musikk. Denne fellesgudstenesta mellom Vaksdal og Dale kyrkjelydar vert i år i Vaksdal kyrkje. Det vert forsongarkor denne gongen òg. Alle som er glad i å syngje, og ynskjer å vere med og løfte høgtida fram er velkomne til å delta.

Øving 1.påskedag

kl. 09.45

i Vaksdal kyrkje